

Konsekvensutgreiing for friidrett - tre ulike alternativ for Ørsta stadion

Konsekvensutgreiinga ser på dei tre ulike alternativa som arbeidsgruppa ga friidrettsgruppa i oppgåve å utgreie. Ein har i denne utgreiinga sett på kva konsekvensane har for friidrettsgruppa i Ørsta IL. Ein har her berre sett på konsekvens for aktivitet. Utgreiinga må setjast saman med ei økonomisk konsekvensutgreiing for å verte komplett.

Friidretten i Ørsta har lange tradisjonar, og har i fleire periodar hatt Norgesmeistrar. Friidretten i Ørsta har hatt stor vekst dei siste åra. Frå å vere ei lita gruppe i mange år, har gruppa siste ti åra vakse jamt. På tysdagstreningane er det no ofte over 100 utøvarar i alderen 6-25 år. Dei siste åra har vi arrangert fleire stemne med rundt 200 utøvarar. Friidretten i Ørsta er ein breiddeklubb, men har og som mål å hevde seg på nasjonalt nivå i aldersgruppene 15-19 år. Gruppa hevdar seg no med fleire utøvarar på nasjonalt nivå i desse aldersgruppene.

Alternativ 1 : Kunstgras på Stadion, nytt kastområde på andre sida av elva.

Dette alternativet vil ha svært negative konsekvensar for friidretten i Ørsta. Anlegget vert nedgradert frå å vere eit fullverdig friidrettsanlegg til å vere eit delanlegg. Ein får då kun arrangere lokale stemne og kan ikkje lenger arrangere meisterskap eller større stemne med kastøvingar. Utviklinga til friidretten vil med dette alternativet setjast i fare. Ein må rekne med at ei slik løysing vil vare i fleire tiår, og at den dermed vil ha langvarige konsekvensar. Nedgradering til delanlegg til ha fleire negative konsekvensar, både aktivitetmessig og økonomisk.

Norges Friidrettsforbund utdjupar fleire av konsekvensane i samband med dette alternativet. Sjå eige brev.

Aktivitet:

Det vil vere ønskje og forventningar om stor fotballaktivitet på kunstgrasbana. Dette er ikkje foreinleg med stor friidrettsaktivitet på gode treningstider.

Det vil verte vesentleg vanskelegare for friidretten å få gode treningstider åleine. Ein må og rekne med at friidretten må ha sambruk med fotball. Noko grad av sambruk kan gjennomførast utan skade for friidretten, men friidretten er avhengige av å ha gode treningstider på stadion åleine for å kunne gi eit godt friidrettstilbod og for at utøvarane skal kunne oppnå gode prestasjonar. I små idrettar er ein ekstra avhengige av å vere attraktive for utøvarar og trenarar for å ha god aktivitet. Gode treningstider er derfor ekstra viktig for friidretten.

Ein får ikkje behalde like gode treningsvilkår for friidretten. Dårlegare vilkår fører ofte til nedgang i aktivitet og tal på utøvarar, og dermed nedgang i resultat. Ein viktig motivasjon for trenarane er å oppnå gode resultat. Dersom resultat og utøvarane sviktar vert det utfordrande å halde på og å rekruttere nye gode trenarar.

Med eit delanlegg vil ein kun arrangere lokale stemne. Dette vil redusere stemneaktiviteten og deltakinga på stemna.

På treningane rullerer ein mange av utøvarane slik at dei er innom løp, hopp og kast på same treninga. Dette for å ha allsidig trening og for å kunne bruke trenarane fleire ulike aldersgrupper på same tid. Eit kastanlegg på andre sida av elva vil splitte miljøa og vanskeleggjere allsidig aktivitet.

Friidretten er ein liten idrett og små miljø er sårbare. Oppsplitting av kastmiljøet og resten av miljøet vil gjere gruppa endå meir sårbare.

Granulat på løpebane har ein «kulelager»-effekt. Granulat på løpebana gjer at det er lett å gli og skade seg.

Økonomiske konsekvensar i samband med redusert aktivitet:

Sjølv om denne utgreiinga fokuserer på aktivitet så må ein ta med økonomiske konsekvensar i samband med redusert aktivitet. Dette alternativet vil setje økonomien i gruppa i fare. Gruppa går om lag i økonomisk balanse kvart år med dagens vilkår og aktivitet.

Stemna og arrangementa til friidrettsgruppa er den største inntektskjelda til gruppa. Dette har i mange år stått for rundt 35-50% av inntektene. Ved kun å kunne arrangere lokale stemne utan kast vil stemna verte mindre attraktive og tiltrekke seg færre utøvarar. Ørsta IL har i lang tid hatt god kvalitet på friidrettsstemna. Det må nemnast at Ørstaleikane, som er eit nasjonalt stemne, i lang tid har vore det største kaststemnet mellom Bergen og Trondheim. Med nedgang i stemneaktiviteten vil stemneinntektene til gruppa reduserast.

Sponsorane står for ein stor del av inntekta til friidrettsgruppa. Med redusert aktivitet og resultat vil friidrettsgruppa vere mindre attraktive for sponsorane.

Dei to viktigaste inntektskjeldene til friidrettsgruppa, stemne/arrangement og sponsorinntekter vert sett i fare med dette alternativet.

Dersom friidretten i tillegg vil få økonomiske utgifter i samband med nytt kastområde på andre sida av elva vil det kunne verte så økonomisk utfordrande at det set heile friidrettsaktiviteten i gruppa i fare.

Løpedekket på løpebana må rehabiliterast i løpet av ca 5-10 år. Ein må truleg rekne med rundt 2-4 millionar kroner i kostnader for rehabilitering av løpedekket. Med lite aktivitet i friidrettsgruppa og dårleg økonomi i gruppa set ein ei slik oppgradering i fare.

Norges Friidrettsforbund ser alvorleg på planar om nedgradering av fullverdige friidrettsanlegg til delanlegg. Dei engasjerer seg i slike saker for å bidra til å oppretthalde friidrettsaktiviteten i Norge. Eige brev frå friidrettsforbundet er ein del av denne konsekvensutgreiinga.

Alternativ 2: Kunstgrasbane på andre sida av elva.

Aktivitetmessig er dette det beste alternativ for friidretten. Friidretten får med dette alternativet behalde det fullverdige friidrettsanlegget. Dette alternativet er det som legg til rette for minst konflikt mellom friidrett og fotball i samband med vilkår for trening og stemne/kampar. Det ligg til rette for vidare vekst i friidrettsaktiviteten.

Alternativ 3: Oppgradering av Ørsta Stadion si grasbane (drenering etc.)

Friidretten har med dette alternativet eit fullverdig friidrettsanlegg. Dette alternativet er det alternativet som liknar mest på dagens situasjon på anlegget. Endringa er at ein får betre drenering på grasbana. Friidrett og fotball har klart å dele på dette anlegget så lenge det har vore friidretts- og fotballaktivitet samtidig i Ørsta IL. Det bør derfor vere godt grunnlag for at dette alternativet skal fungere for friidretten. Det ligg til rette for vidare vekst i friidrettsaktiviteten.

Utfordringa friidretten ser med dette alternativ er tilgang til gode treningstider. Både fotball og friidrett har behov for gode vilkår for trening og stemne/kampar. Ein kan få til ei viss grad av sambruk, men friidretten må ha treningar på stadion åleine for at utøvarane skal få utvikle seg og kunne oppnå gode prestasjonar. Treningane må vere på attraktive tidspunkt for å kunne tiltrekke seg og halde på både utøvarar og trenarar. Friidretten er ein relativt liten idrett og små miljø er sårbare. Det skal ikkje så mykje til for å endre aktiviteten.

Ørsta 3. juni 2018

Olve Øyehaug, leiar Ørsta IL friidrett